

Norges Miljøvernforbund ved Kurt Oddekalv har no politimeldt Sjøtroll Havbruk og Eide Fjordbruk for utslepp av fleire tusen oppdrettslaks ved Skorpo og Snilstveitøy etter stormen Lena. Oddekalv ynskjer etterforsking av kva den rømte fisken er medisinerert med og kva sjukdommar som kan verta spreidd.

Anmeldaren meiner det er skjerpande at Sjøtroll har fått auka biomassen frå 3120 til 5460 tonn før i år.

Oddekalv skriv i anmeldelsen at Sjøtroll og eigaren Lerøy er mellom dei verste med omsyn til miljøkriminalitet og meiner oppdrettarane kan ha kommersiell interesse av å la sjuk fisk røma.

Grenda gjev att anmeldelsen der Oddekalv skriv at oppdrettarar gjerne underrapporterar eller unnlet rapportering om rømming for å sleppe bøter.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Privat